

# Å forstå nåde

---

## Korleis kan unge forstå nåde

«Nåde» er eit uttrykk som for mange kan vere vanskeleg å forstå. Vi på Ungdomstinget ser dette og ynskjer å gjere noko med det. Vårt ynskje er at ungdom skal få eit breitt og godt bilete på kva nåde er. Vi ynskjer å møte ungdom der dei er. Målet er å bruke arenaar som ungdom forstår og brukar.

Via Google søk er det berre på dei tre første søkeresultata, tre forskjellige definisjonar på kva nåde er. Dette kan for nokon verke forvirrande, men det seier eigentleg berre noko om kor stort uttrykket er. Etter som uttrykket er så stort, er det viktig å formidle det til ungdom rundt omkring. Dette kan gjerast via forskjellige sosiale arenaer. Døme på slike arenaer er Facebook og Instagram.

Ein måte å formidle ein bodskap til ungdom er gjennom ungdom. Det er for mange ungdommar lettare og meir forståeleg å ta imot informasjon når informasjonen kjem gjennom andre ungdommar.

## Korleis kan kyrkja i Bjørgvin jobbe for at nåde ikkje blir eit framandord?

Ein plass å nå ungdom i kyrkja i Bjørgvin er gjennom ungdomsarbeid som til dømes konfirmasjonstida, ten-sing, mfl. Det er viktig å nytte desse arenaene.

- Legge vert på forståing. Ikkje ta det som sjølvsagt at ungdom forstår. Det er betre å forklare det ein gong for mykje enn ein gong for lite.

## Korleis kan Ungdomsrådet i Bjørgvin jobbe for at nåde ikkje blir eit framandord?

- Ungdomsrådet kan rullere på forskjellige plassar der dei besøker ulike ungdomsgrupper i ulike sokn. Der kan dei halde temadag der dei reklamerer for ungdomstinget, held ei andakt om temaet for året (temaet for i år: nåde) og praktiserer nådevaffel<sup>1</sup> og nådemuffins<sup>1</sup>.
- Følje opp Instagramkontoen til ungdomsrådet, der ein legg ut bilete med til dømes: forklaring av vanskelege uttrykk, bibelvers, oppdatering frå Ungdomsrådet, oppfordringar, musikktips m.m.

<sup>1</sup>Nådevaffel/nådemuffins: Gratis vaflar og muffins. Ein stiller opp på arrangement og gir gratis vaflar og muffins. Det einaste ein treng å gjere for å få vaffel/muffins er å svare på kva nåde er.